



Innovasjon Noreg

Akersgata 13
Postboks 448 Sentrum
0104 Oslo
T: 22 00 25 00 F: 22 00 25 01
post@innovasjon norge.no
www.innovasjon norge.no



09 **VIKTIGE
RESULTAT**

2009

Design og layout: Creuna
Foto: Bjørn Jørgensen/Samfoto
Nancy Bundt/Innovation Norway
Robert Engels
Opplag: 10 000
Juni 2010
Trykk: RK Grafisk

10 000

kundeprojekt



9,8 milliardar
til norsk
næringsliv

Rådgjeving
verd
235 mill. kr

Gunn Ovesen, adm. direktør:

Kvar vår gjer vi opp status og tel stort og smått. I 2009 brukte Innovasjon Noreg 9,8 milliardar kroner på å gjere norsk næringsliv betre. Vi hjelpte små og store bedrifter gjennom finanskrisa. Det sikra arbeidsplassar og bidrog til innovasjon og internasjonalisering.

Folk flest assosierer Innovasjon Noreg med finansiering og støtteordningar. Vi jobbar mykje med dette òg. Men vi er mykje meir enn pengar.

Meir til næringslivet

Nettopp i fjor hadde vi sterkt fokus på pengar, eller snarare mangelen på pengar. Finansmarknaden fungerte ikkje, bedriftene hadde låg eigenkapital og bankane var svært varsame med å gje lån. Innovasjon Noreg fekk ekstra midlar for å dempe fallet i norsk økonomi. Totalt styrkte vi næringslivet med 9,8 milliardar, 4,6 milliardar meir enn i 2008 på grunn av tiltakspakka. Eg er kjempeglad for at ei evaluering av korleis vi handterte denne ekstra-bevilgninga får toppkarakter av Menon Business Economics.

Gode råd verd

235 millionar

Målet vårt er å gjere norsk næringsliv betre, både her heime og i utlandet. Vi vil gje kundane større kunnskap om nye marknader, og hjelpe dei med å konkretisere og bruke denne innsikta. Samstundes må vi få denne lærdommen inn i bedriftene sine utviklings- og innovasjonsprosessar. Omrekna til kroner, har kontora våre i utlandet levert rådgjevings-timar verd 235 millionar.

Faren over?

Noreg klarte seg relativt bra gjennom finanskrisa, men mykje tyder på at faren langt frå er over. Der det tidlegare var privat- og bedrifts-marknaden som fekk svi, går det no hardt ut over

nasjonaløkonomien i nokre land. Noreg har mykje sparepengar, men vi må likevel vere på vakt. Dersom vi ikkje får selt det vi produserer, tener ikkje bedriftene pengar, og vi kan kome til å oppleve ein ny finansiell nedtur.

Vil du vite meir?


På dei neste sidene får du vite litt. Vil du vite alt, ligg årsrapporten vår på:

www.innovasjonnorge.no/arsrapport



Éin tilsett

Innovasjon Noreg har om lag 800 tilsette. Dei fordeler seg på eitt hovudkontor i Oslo, kontor i alle fylka i landet og kontor i over 35 andre land. Våre tilsette samarbeider på tvers av landegrensar, språk og sektorar under mottoet «frå Bodø til Beijing.»



opnar tusenvis av dører

Bedrifter som tek kontakt med sitt næraste Innovasjon Noreg-kontor skal oppleve oss som ein døropnar. Hos oss får alle éin kontaktperson som kjenner tenestene våre og dei mange samarbeidspartnarane våre, til dømes Forskningsrådet, SIVA, Norsk Designråd, Eksportutvalet for fisk eller INTSOK.

9,8


mrd. kr i finansiering

Vi fordelte 9,8 milliardar kroner i 2009, 4,6 milliardar meir enn i 2008 på grunn av tiltakspakka. Pengane førte til innovasjon og internasjonalisering.

6 mrd. kr
i lån og
garantiar

2,9 mrd. kr
i tilskot

975 000
timer
brukt på
kundar



Tre av fire kroner til innovasjonsprosjekt

Norske bedrifter er innovative i heile verdikjeda. Over femti prosent av innovasjonane i 2009 var i form av nye eller betra produkt eller tenester, medan 32 prosent av innovasjonane var i form av nye eller betra prosessar.

Dei mest innovative sektorane var helse og IKT, med ei innovasjonsgrad på heile 98 prosent, og energi og miljø med ei innovasjonsgrad på 95 prosent.

Kva er innovasjon? Innovasjon er ei ny vare, ei ny teneste, ein ny produksjonsprosess eller ei ny organisasjonsform som er lansert i marknaden eller teken i bruk i produksjonen for å skape økonomiske verdiar. Innovasjon kan òg vere å bruke noko, eller gjere noko, på ein ny måte.

51%
nye eller betra
produkt

32%
nye eller betra
prosessar

150 mill. kr

i etablerarstipend

Det landsdekkjande etablerarstipendet var ein populær del av tiltakspakken frå Nærings- og handelsdepartementet. Innovasjon Noreg fekk inn søknader om 340 millionar kroner, og fekk fordelt dei øyremerkte 150 millionane i løpet av knappe seks månader. Åttiåtte prosent av prosjekta som fekk stipend har høg internasjonal nyheitsgrad. Kvart femte stipend gjekk til ein kvinneleg gründer.



223 gründerar fekk støtte til å utvikle gode idear

Stipenda har mellom anna resultert i ein tung motorsykel som går på batteri, eit førarlaust fly og nytt liv til Askeladd-båtane.

For første gong er Noreg betre enn USA når det gjeld gründerverksemd. Samanlikna med landet sine handelspartnarar har Noreg no ein større del av folket involvert i ein tidleg fase av entreprenørskap enn Danmark, Tyskland og Finland. Det viser Global Entrepreneurship Monitor 2009.

Sidan 1989 har den vanlege ordninga med etablererstipend eksistert. I 2009 vart det fordelt 116 millionar kroner til 602 bedrifter eller enkeltpersonar gjennom denne ordninga.



1 000

internasjonale
kundeprosjekt

Internasjonalisering er integrert i alle satsingane, programma og tenestene våre. Internasjonaliseringa startar her heime og er ein naturleg del av den første dialogen mellom Innovasjon Noreg og kunden.

I 2009 gjekk 4,1 milliardar kroner til internasjonalt retta prosjekt. Dette er 42 prosent av alt vi finansierte.

Kontora våre i utlandet fekk 25 000 førespurnader, og leverte gode råd til ein verdi av 235 millionar kroner. Dei handterte 1 000 kundeprosjekt innan internasjonal rådgjeving, nettverk og heimhenting av kunnskap om moglegheiter i dei ulike marknadane.

Meir enn pengar

Innovasjon Noreg vert ofte berre assosiert med pengar. Tenestene vi yter til norsk næringsliv femner om langt meir enn det.



Profilering

Tiltak for å gjere Noreg og norsk næringsliv synleg i Noreg og utlandet.

24 internasjonale fagmesser.



Kompetanse

Tilbod til næringslivet som skal betre kompetansen innan strategiutvikling, til dømes FRAM-programmet og leiarentor.

328 deltakarar på FRAM-prosjekt frå 184 bedrifter.



Rådgjeving

Dialog med bedrifter, nettverk eller klyngjer om strategiske val for å auke konkurransevna, til dømes designprogrammet og internasjonal marknadsrådgjeving.

150 bedrifter fekk rådgjeving om design.



Nettverk

Hjelp til bedrifter og einskildpersonar med å styrkje nettverket og samarbeidsrelasjonane deira, til dømes gründergrupper og bedriftsnettverk.

47 nettverksprosjekt.



av kundane vil bruke oss igjen eller tilrå andre å bruke oss

Service- og kunde-effektundersøkingane i 2009 viser at kundane til Innovasjon Noreg er godt nøgde med den hjelpa dei får hos oss.


85 prosent av prosjekta ville ikkje vorte gjennomførde utan Innovasjon Noreg.

88 prosent av kundane vil bruke oss igjen eller tilrå andre å bruke oss.

75 prosent er nøgde med kvaliteten på leveransen eller avgjerda.

Vi var med på å skape eller sikre mellom **6 000** og **9 000** arbeidsplassar.

100%



Innovasjon Noreg arbeider innanfor ni prioriterte sektorar. Dette er område der samfunnet vil ha særleg store behov i framtida, og der vi ser at norsk næringsliv har naturlege føremoner. Figuren viser korleis pengane er fordelte på dei ulike sektorane.

innsats for norsk næringsliv

Vi er godt inne i 2010 når du les denne årsrapporten for fjoråret. Så kva gjer vi no? Ikkje så reint lite. Om vi skal trekkje fram berre éin ting, må det vere at vi jobbar for å få næringslivet til å forstå at det må bli betre på marknadsorientering og omdøme.

Til neste år ønskjer vi å satse endå meir på mellom anna miljøteknologi, landsdekkjande etablerarstipend og verifisering av ny teknologi frå helse- og miljøsektoren. Overordna arbeider vi med eitt mål for auget: Å gjere norsk næringsliv betre.

Vi gjev lokale idear globale moglegheiter.